

## Kva kostar det?

Vi er på fleire leirar og turar i løpet av året, og det kostar pengar å dekke opphald, mat, transport og materiell. For dei som fullfører Leiarkurset blir mykje av kostnaden subsidiert av kyrkjelydane, og Ønsket og Elsket, slik at du betalar en **eigenandel på 1700,-**

*(Dette utgjør rundt 40% av totalkostnaden for kvar deltakar. Nokon av kyrkjelydane sponsar òg sine ungdomsleiarar med noko av denne eigenandelen, og alle kyrkjelydane har støtteordningar for de som evt. har vanskeleg for å betale for å vere med. Snakk med konfirmantansvarlig/presten i din kyrkjelyd, for nærare detaljar.)*

*Håper å sjå deg på Leiarkurs til hausten!*

Har du spørsmål er det berre å ta kontakt!

*Helsing*

*Petter Jakobsen*

*Ungdomsprest/dagleg leiar i Ønsket og Elsket*

*Tlf.: 909 51 409 E-post: petter@seljordkyrkje.no*

*&*

*Ragnar Nørstrud*

*Ungdomsarbeidar i Ønsket og Elsket*

*Tlf.: 924 45 911 E-post: ragnar@seljordkyrkje.no*

**PÅMELDING: ønsketogelsket.no**

**Frist: 16. mai 2020**



# LEIARKURS!

*Snart er det klart for eit nytt år med  
Ønsket og Elsket, og vi har lyst til  
å ha med DEG på Leiarkurs!*

## Kven er du?

Du er den som syns det var siikkt bra på leir i fjor sommar og har lyst på mykje meir moro, bli kjend med nye menneske, lære nye ting, utfordre deg sjølv, få leiartrening og leiarkompetanse som vil vere nyttig i mange samanhengar; i kyrkja, jobb, utdanning eller frivillige lag/organisasjonar.

Viss det høyrast bra ut, syns vi at

DU skal nytte moglegheita til å bli ein del av verdas beste CREW, ved å melde deg på Ønsket og Elsket sitt Leiarkurs!

**#TØPPSTEMNING**

## VIKTIG!

På grunn av koronasituasjonen er det fortsatt noko usikkert korleis det komande året kjem til å bli, og alle datoane som er oppgitt her må tas med eit visst atterhald.

Dei som melder seg på Leiarkurs vil haldas fortløpande oppdatert om eventuelle endringar.

Alle som melder seg på Leiarkurs vil bli kontakta seinast i løpet av juni, og få eit innmeldings- og eignerklærings skjema som skal fyllast ut. Først når skjema er signert og levert, reknas påmeldinga som bindande.



**Dette er det vi har planlagt så langt, som alle på Leiarkurs skal vere med på:**

- \* Kurssamling 18. oktober 2020
- \* Førsteårsleiartur 13.-15. nov. 2020
- \* Leiarleir 22.-24. januar 2021
- \* Leiarkurs på Konf.leir i vinterferien, veke 8 2021
- \* Konf.treff, i Seljord, 20. mars 2021
- \* Konf. Kick-off, i Seljord, 24. april 2021
- \* Kurssamling 8. mai 2021
- \* Leirførebuingskveld, 8. juni 2021
- \* Leiar på Konf.leir L1 i veke 26: 28. juni - 2. juli 2021

*\* I tillegg må du rekne med inntil 9 timar i løpet av året til eigne samlingar/deltaking som leiar i kyrkjelyden der du bur.*

**OBS! For å fullføre kurset kan du ikkje ha meir enn 10% fråvær frå disse samlingane. Etter konf.leiren i 2021 kan du velje om du har lyst til å fortsette vidare, som 2.-årsleiar.**